

Dato: 09.05.2017

Arkiv: 040

Kontrollutvalet i Ørsta

SAK 25/17 SAKER VIDARE?

Forslag til vedtak

Vedlegg

1. Varslingsbrev frå anonym til Ørsta kommune, datert 30.01.2017, med e-postkorrespondanse.
2. Utskrift frå protokoll Ørsta kommunestyre 08.12.2016, PS 93/16 Vedtak om kommunal planstrategi 2016-2020

Saksopplysning

1. Gildskap vs handsaming

Sekretariatet har fått innspel om å sjå på gildskap i høve handsaming utviding av Legene bustadområde.

Sekretariatet fekk 21.02.2017 vidaresendt eit anonymt varslingsbrev frå Ørsta postmottak om gildskap i høve handsaming av utviding av Legene bustadområde. Sidan det var adressert til Ørsta kommune v/Gunnar Wangen, vart det gitt tilbakemelding til Ørsta kommune om at ein ynskte å få tilsendt kommunen si vurdering/svar på dette. (vedlegg 1) Ein har ikkje motteke noko tilbakemelding på dette.

Elles viser ein til vedlegg 2.

2. PPT – saksgang/prosess – medarbeidermedverknad

Sekretariatet har fått innspel om å sjå på medarbeidermedverknad i prosessen som har vore forut og undervegs i utarbeidinga av saksframlegget om vertskommunesamarbeid om PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta.

Ein må forutsette at fagorganisasjonane med hovudtillitsvalt og hovudverneombod ser til at prosessane er i samsvar med gjeldande regelverk og avtalar. Etter det ein kan sjå av det ein har tilgjengeleg av protokollar og innspel, så er det ulikt syn frå administrasjonen og dei tilsette på kva som er realiteten av korleis medarbeidermedverknaden har vore ivareteken. Det er forespurt dokumentasjon i form av protokollar og rapportar frå administrasjonen.

Når det gjeld medarbeidarmedverknad i den vidare prosessen, viser ein til vedtak som kommunestyret gjorde 09.03.2017 i PS 14/17 Vertskommunesamarbeid om PPT for Hareid, Ulstein, Volda og Ørsta, pkt.6:

«Dei tilsette på PPT-kontoret i Ørsta skal inviterast til å vere med vidare i prosessen. ...»

Vidare handsaming?

Informasjon som allereie forelegg samt den som eventuelt kjem fram i møtet, vil danne grunnlag for kontrollutvalet si vurdering om det skal opprettast sak/-er i kontrollutvalet, og då eventuelt om korleis det skal handterast vidare, jf. merknader til kontrollutvalsforskrift §4 i Kommunerevisors Håndbok.



Jostein Støylea

Dagleg leiar



Sigrid Aa. Torbjørnson

Konsulent

Kontrollutvalet i Ørsta

**Varslingsbrev frå anonym til Ørsta kommune, datert 30.01.2017,
med e-postkorrespondanse.**

Vedlegg til

ØR 03-17 SAK 25/17 SAKER VIDARE?

Sigrid Torbjørnson

Fra: Sigrid Torbjørnson
Sendt: 22. februar 2017 08:43
Til: Sigrid Torbjørnson
Emne: VS: Habilitet vedk. samfunnsutvalet, kommunestyret, områdeplanar

Oppfølgingsflagg: Følg opp
Status for flagg: Flagget

Kategorier: ØRSTA

Fra: Sigrid Torbjørnson
Sendt: 22. februar 2017 08:28
Til: 'Ingeborg Myklebust Bjørneset'
Kopi: Fellespost
Emne: SV: Habilitet vedk. samfunnsutvalet, kommunestyret, områdeplanar

Hei!

Me ynskjer óg å få tilsendt Ørsta kommune si vurdering/svar på dette, då denne meldinga er stila til kommunen.

Med helsing



Sigrid Aashild Torbjørnson
Konsulent

Tlf: 70 03 04 46/936 56 704
sigrid@vestkontroll.no


Fra: Ingeborg Myklebust Bjørneset [<mailto:ingeborg.bjorneset@orsta.kommune.no>]
Sendt: 21. februar 2017 15:58
Til: Fellespost
Emne: Habilitet vedk. samfunnsutvalet, kommunestyret, områdeplanar

Vedlagt er motteke spørsmål frå ein innbyggjar som ønskjer å vere anonym, om Inge Kolås sin gildskap i samfunnsutvalet og kommunestyret sine handsamingar av utviding av Legene bustadområde.

Helsing

Ingeborg Myklebust Bjørneset
Politisk sekretær

Ørsta kommune
v/ Gunnar Wangen
gunnar.wangen@orsta.kommune.no



HABILITET VEDKOMANDE

SAMFUNNSUTVALET – KOMMUNESTYRET – OMRÅDEPLANAR

Dette er eit varslingsbrev om noko som truleg har vore ukjent for kommunen. Eg har inga interesse av at mitt namn skal følgje saka vidare.

Følgjande sitat byggjer på referat frå kommunestyremøte (08.12.16) i Møre-Nytt tysdag 13. desember 2016 med overskrifta: «Framskundar fleire områdeplanar.»

Der står det at «eit framlegg frå Inge Kolås (Frp), leiar i samfunnsutvalet, skapte mykje diskusjon.»

Lesarane får vite at framlegget hans, «som Samfunnsutvalet gjekk samrøystes inn for, foreslår mellom anna å framskande oppstarten for områdeplanane for Vartdal og Sæbø, **i tillegg til planen for utviding av Legene bustadområde, til 2017**» (utheva av meg her).

Spørsmålet mitt er om ikkje dette burde ha skapt mykje meir diskusjon – og då av eit anna slag – enn det som er nemnt i avisa. Og den diskusjonen burde ha kome allereie i Samfunnsutvalet, som altså gjekk samrøystes inn for framlegget frå leiaren.

I innkallinga til Samfunnsutvalet blir det presisert at dei som meiner seg ugilde i sakshandsaminga, må seie frå. Det er ikkje alltid våre folkevalde er vakne når det gjeld habilitetsreglane, og eg lurar på følgjande:

Opplyste leiaren i Samfunnsutvalet at han for eit par år sidan, saman med to andre, kjøpte ein vesentleg del av Legene, blant anna nær 20 dekar dyrkamark grensande til noverande bustadområde? Er då Inge Kolås den objektive rette – frå sin strategiske posisjon som premissleverandør i Samfunnsutvalet – til å framskande planarbeidet i dette området når han kan ha sterke personlege profittinteresser knytt til ei mogleg konvertering av dyrkamarka på Legene til bustadtomter?

Dette reiser viktige prinsipielle, juridiske spørsmål som kommuneadministrasjonen må ta opp til avklaring. Dersom Kolås *ikkje* har nemnt dette for dei andre i Samfunnsutvalet og for kommunestyret, har han då levt opp til det alvorlege ansvaret som kviler på ein folkevald i hans stilling? Og om han *har* nemnt det: Kvifor vart han ikkje kjend ugild?

Det som her er lagt fram forventar eg at kommunen tek tak i.

Ørsta, 30. januar 2017

Kontrollutvalet i Ørsta

**Utskrift frå protokoll Ørsta kommunestyre 08.12.2016, PS 93/16
Vedtak om kommunal planstrategi 2016-2020**

Vedlegg til

ØR 03-17 SAK 25/17 SAKER VIDARE?

PS 92/16 Referat og meldingar

Saksprotokoll i Ørsta kommunestyre - 08.12.2016

Handsaminga (33 r.f.)

Referat og meldingar var referert utan merknad

RS 55/16 Vedtak - Møteplan 2017 - Formannskapet, kommunestyret, levekårsutvalet og samfunnsutvalet

RS 56/16 Vedtak - lovlegkontroll av kommunestyrevedtak i sak

RS 57/16 Statusrapport turistsommeren 2016

RS 58/16 Månedsrapport - september 2016

RS 59/16 Månadsrapport - oktober 2016

RS 60/16 Høyring - Effektivisering av tenesteeiningar og tenestestadar -
Møre og Romsdal politidistrikt

RS 61/16 Oversikt skatteinngang November 2016 Ørsta

Per Ivar Lied (SP) tok sete att (32 r.f.)

PS 93/16 Vedtak av kommunal planstrategi 2016-2020

Saksprotokoll i Ørsta kommunestyre - 08.12.2016

VEDTAK:

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til kommunal planstrategi 2016–2020 og innkomne merknader. Etter ei samla vurdering vedtek kommunestyret planstrategien, jf. planbyggningslova § 10-1, slik den ligg føre, sist revidert 16.11.2016.

Kommuneplanar:

Bondalseidet lett revidering oppstart flytta til 2020 (har ikkje innverknad på busetnadstrategien)
Arealdel (utanom Ørsta sentrum) oppstart til 2017 vedtak 2018

Strategiar:

Inovasjons og merkevarestrategi vert flytta til oppstart 2019 vedtak i 2020

Reguleringsplanar:

Åmås (Ein betre ordlyd er Utviding av Legene bustadområde/skule, barnehage, idrett) oppstart 2017

Vartdal områdeplan oppstart 2017

Sæbø områdeplan oppstart 2017

Ørsta kommune skal lyse ut arbeida på Åmås, Vartdal og Sæbø til anbod til private aktørar. Dette vil frigje kapasitet på planavdelinga, dette for å sikre at mellom anna arbeidet med arealdel utanfor Ørsta sentrum vert påstarta i 2017

Handsaminga (32 r.f.)

Inge Kolås (FrP) fremja SFU sitt vedtak i møtet 17.10.2016, som tillegg:

Samfunnsutvalet tek kommunal planstrategi 2016-2020 til vitende med fylgjande endring:

Ørsta Kommune viser mellom anna til nasjonale rammer og føringar for arbeidet. Det at overordna prioriteringar skal innehalde integrering, omstilling og attraktive bu og arbeidsmarknadsregionar er heilt avgjerande for ei god utvikling i Ørsta kommune. Då kan det å omstille seg i ein aukande ynskje om å fortette sentrumsområda, vere avgjerande både for utkantane og for sentrumsområda.

Ørsta kommune meiner derfor at ein må prioritere for tilrettelegging av busetnad i utkantane (utanom Ørsta sentrum) parallelt med tilrettelegging av busetnad i sentrumsområda. Prioritert planoppgåver for 2016 - 2020 må derfor innehalde denne overordna planstrategitenkinga. Ørsta kommune vel derfor å prioritere det som kan gje auka busetnad både på bygdene og i sentrum.

Kommuneplanar:

Bondalseidet lett revidering oppstart flytta til 2020 (har ikkje innverknad på busetnadstrategien)
Arealdel (utanom Ørsta sentrum) oppstart til 2016 vedtak 2018

Strategiar:

Inovasjons og merkevarestrategi vert flytta til oppstart 2019 vedtak i 2020

Reguleringsplanar:

Åmås (Ein betre ordlyd er Utviding av Legene bustadområde/skule, barnehage, idrett) oppstart 2016

Vartdal områdeplan oppstart 2016

Sæbø områdeplan oppstart 2016

Ørsta kommune skal lyse ut arbeida på Åmås, Vartdal og Sæbø til anbod til private aktørar. Dette vil frigje kapasitet på planavdelinga, dette for å sikre at mellom anna arbeidet med arealdel utanfor Ørsta sentrum vert påstarta i 2016

Inge Kolås endra sitt framlegg:

Stryke første del av vedtaket til SFU og endre frå 2016 til 2017. Framlegget vert då slik:

Kommuneplanar:

Bondalseidet lett revidering oppstart flytta til 2020 (har ikkje innverknad på busetnadstrategien)
Arealdel (utanom Ørsta sentrum) oppstart til 2017 vedtak 2018

Strategiar:

Inovasjons og merkevarestrategi vert flytta til oppstart 2019 vedtak i 2020

Reguleringsplanar:

Åmås (Ein betre ordlyd er Utviding av Legene bustadområde/skule, barnehage, idrett) oppstart 2017

Vartdal områdeplan oppstart 2017
Sæbø områdeplan oppstart 2017

Ørsta kommune skal lyse ut arbeida på Åmås, Vartdal og Sæbø til anbod til private aktørar. Dette vil frigje kapasitet på planavdelinga, dette for å sikre at mellom anna arbeidet med arealdel utanfor Ørsta sentrum vert påstarta i 2017

Formannskapet si tilråding m/tillegg vart vedteken med 32 mot 0 røyster

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Ørsta kommunestyre syner til framlegg til kommunal planstrategi 2016–2020 og innkomne merknader. Etter ei samla vurdering vedtek kommunestyret planstrategien, jf. planbyggningslova § 10-1, slik den ligg føre, sist revidert 16.11.2016.

PS 94/16 Budsjettkorrigering 2016 - Innsparing

Saksprotokoll i Ørsta kommunestyre - 08.12.2016

VEDTAK:

Kommunestyret vedtek endring i driftsbudsjettet for 2016 i samsvar med vedlegget Budsjettendring 2016-23 datert 15.11.16.

Handsaminga (33 r.f.)

Per Are Sørheim (H) sitt forslag foreslo:

Budsjett 2016: (Skjema 1A – drift) vert korrigere i eiga sak. «Til fordeling drift» vert redusert frå kr. 575.029.000,- til kr. 560.290.000.

Formannskapet si tilråding fekk 21 røyster og vedteke

Høgre sitt fekk 12 røyster

TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret vedtek endring i driftsbudsjettet for 2016 i samsvar med vedlegget Budsjettendring 2016-23 datert 15.11.16.